Telemark
FYLKESKOMMUNE

Arkivsak
26/12361-1
Sakshandsamar
Ranveig Gule

Saksgang	**Møtedato**
Partssammensatt utvalg	03.11.2026
Telemark ungdomsråd	05.11.2026
Hovedutvalg for utdanning, folkehelse og tannhelse	11.11.2026

Rusforebyggende arbeid i videregående skole

Innstilling frå fylkesdirektøren
Det tilrådast at fylkesdirektøren koordinerer involvering av ein tredjepart i det rusførebyggjande arbeidet gjennom det allereie etablerte nettverket for leiarar for elevtenestene.

Bakgrunn og saksgang
I sak 29/26 i møtet 22. april 2026 fekk hovudutval for utdanning, folkehelse og tannhelse ei orientering om det rusførebyggjande arbeidet i dei vidaregåande skulane. Etter orienteringa bad utvalet fylkesdirektøren om å leggje fram ei politisk sak. Utvalet ønskjer å kunne vedta at skulane skal involvere ein tredjepart i det rusførebyggjande arbeidet, i tillegg til helsesjukepleiar og politi.

Denne saka følger opp bestillinga. Ungdomsrådet og partssammensatt utval får saka til uttale. Hovudutval for utdanning, folkehelse og tannhelse gjer endeleg vedtak i saka.

Saksopplysningar
For å greie ut saka, har fylkesdirektøren vurdert statistikk frå Ungdata, pilotundersøking blant lærlingar forutan gjeldande lovverk og rutinar. I tillegg har fylkesdirektøren også vurdert tidlegare prosjektarbeid og drøfta saka med leiarar for elevtenester på dei vidaregåande skulane.

Ungdata
Ungdata er lokale undersøkingar for skuleelevar over heile landet. Elevane svarer på spørsmål om korleis dei har det, og kva dei gjer på fritida. Undersøkingane er tilpassa elevar på mellomtrinnet, ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring. Tema i undersøkingane er mellom anna foreldre, vener, skule, lokalmiljø, fritidsaktivitetar, helse og trivsel. Elevar på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring får også spørsmål om rusmiddelbruk, seksualitet, risikoåtferd og vald.

Ungdata viser at rusmiddelbruken blant ungdom i Telemark auka med to til tre prosentpoeng frå 2021 til 2024, særleg blant dei eldste tenåringane, (sjå vedlegg 1). Resultata frå undersøkinga i Telemark i 2024, viste at 15 prosent av skuleelevane i alderen 18–20 år hadde prøvd cannabis, medan ni prosent hadde prøvd andre narkotiske stoff. Blant lærlingane i same aldersgruppe oppgav seks prosent at dei hadde prøvd andre rusmiddel enn alkohol. På den andre sida viser resultata at lærlingane drikk meir alkohol enn jamaldringane sine. Dette viser at det framleis er behov for å arbeide systematisk og førebyggjande med rusmiddelbruk ved skulane i Telemark. Den neste Ungdata-undersøkinga blir gjennomført i 2027.

Pilotundersøking blant lærlingar
Telemark fylkeskommune har, i samarbeid med KORUS sør, gjennomført ei pilotundersøking blant lærlingar i Telemark. Telemark er det første fylket i landet som har gjennomført ei slik undersøking. Undersøkinga kartlegg erfaringane og haldningane lærlingane har til rusmiddelbruk i jobbsamanheng. Rapporten Lærlingar, arbeidsliv og rus frå 2026 viser at bruken av illegale rusmiddel er vesentleg lågare blant lærlingane enn blant skuleelevane som deltok i Ungdata-undersøkinga, (sjå vedlegg 2).

Resultata frå undersøkinga skal vere kunnskapsgrunnlag for det vidare arbeidet i fylkeskommunen. Fylkeskommunen skal, saman med KORUS Sør, utarbeide og samle informasjonsmateriell. Målet er å gi lærlingar, bedrifter og samarbeidsorgan kunnskap, råd og rettleiing på dette området.

Gjeldande lovverk og rutinar
Opplæringslova § 24-1 om samarbeid og samordning slår fast at skulen skal samarbeide med andre tenesteytarar når det er nødvendig for å gi eleven eit heilskapleg og samordna tenestetilbod. Skulen og PP-tenesta har plikt til å samarbeide med andre tenesteytarar, utan at samarbeidet må vere knytt til oppfølginga av ein bestemt elev.

Formålet er at tenesteytarane skal kunne utføre oppgåvene dei er pålagde gjennom lov eller forskrift. Samarbeidet kan mellom anna omfatte drøfting av saker i anonymisert form, gjensidig rettleiing og utveksling av informasjon. Det kan også vere forankra i samarbeidsavtalar eller faste tverrsektorielle møte, arbeidsformer og rutinar. Sjølv om samarbeidsplikta ligg hos dei enkelte velferdstenestene, har fylkeskommunen det rettslege ansvaret for at plikta blir oppfylt.

Prosjekt Kompetanseløftet rus og psykisk helse 2021–2023
I perioden 2021–2023 gjennomførte Vestfold og Telemark fylkeskommune Kompetanseløftet rus og psykisk helse 2021–2023. Fylkeskommunen søkte om tilskot til kompetanseutvikling i psykisk helse i grunnskulen og vidaregåande opplæring, og fekk ca. 2 mill. kroner i tilskot. Pengane blei brukt til å finansiere kostnader til dialogkonferanse, eksterne foredragshaldarar, workshop med undervisningsopplegg, vikarar for lærarar med meir. Fylkeskommunens økonomiske bidrag var ressursar til koordinering av prosjektet, 50 % ressurs til prosjektkoordinator PPT og 50 % ressurs til koordinering frå fylkesadministrasjonen.

Kompetanseløftet skulle styrkje kompetansen og det tverrfaglege samarbeidet mellom skular, kommunar, politi, KORUS Sør og fagmiljø, blant anna gjennom etableringa av eit fagnettverk for psykisk helse og rus. Ungdomsmedverknad var ein sentral del av prosjektet.

Målet med arbeidet var å gjere dei tilsette i fylkeskommunen tryggare og meir relevante i møte med ungdom som har utfordringar knytte til psykisk helse og rus. Arbeidet omfatta kompetanseutvikling, ungdomsmedverknad og utarbeiding av undervisningsopplegg, ressursar og rutinar.

Kompetanseløftet har mellom anna ført til rutinane som gjeld for skulane i dag. Rutinane skal sikre at skulane har ein felles praksis i arbeidet med å førebyggje rusmiddelbruk og ei einsarta handtering av elevsaker. Det ligg føre ei eiga rutine for saker som gjeld rusmiddelbruk eller mistanke om rusmiddelbruk. Det finst også ei ressursside med informasjon om korleis skulane skal arbeide førebyggjande. Skulane har faste samarbeidsmøte med politiet, helsesjukepleiar og PP-tenesta. Dei gjennomfører også foreldremøte om temaet.

Utsegn frå leiarar for elevtenester ved dei vidaregåande skulane
Leiarane for elevtenestene ved alle skulane drøfta forslaget om å vedta at skulane skal samarbeide med ein tredjepart i det rusførebyggjande arbeidet. Drøftinga skjedde i eit møte 1. oktober 2026.

Leiarane var samrøystes einige om at det førebyggjande arbeidet må skje på skulane, der elevane er saman med trygge vaksne dei har tillit til. Dersom skulane skal involvere ein aktør utanfrå, bør denne heller inviterast inn i nettverket etter behov i staden for at kvar einskild skule skal påleggjast å samarbeide med ein fast tredjepart.

Fagnettverket for psykisk helse og rus som blei oppretta i prosjektperioden, blei ikkje vidareført då det nye fylket blei etablert. Leiarane for elevtenestene ønskjer at Telemark fylkeskommune opprettar nettverket på nytt for at skulane skal få tilgang til informasjon og relevant kompetanse som éin aktør ikkje kan tilby åleine.

Dersom skulane blir pålagde å samarbeide med ein fast tredjepart, kan det føre til ulik praksis mellom skulane. Det kan òg avgrense samarbeidet mellom skulane. Kostnadene kan variere ut frå kva samarbeidspartnar skulane vel.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar
Skulane kan få ulike kostnader og juridiske konsekvensar, avhengig av kva samarbeidspartnarar dei vel. Det vil også vere behov for å setje av administrative ressursar til koordinering av eit slikt samarbeid. Samarbeidet blir juridisk bindande dersom det blir vedteke.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål
Arbeidet for ein rusfri skule støttar fleire av FNs berekraftsmål. Eit trygt, inkluderande og helsefremjande skulemiljø er avgjerande for både livskvaliteten og læringa til elevane.

- Mål 3, god helse og livskvalitet, er sentralt fordi arbeidet førebyggjer rusmiddelbruk og fremjar trivsel og psykisk helse.
- Mål 4, god utdanning, er også sentralt. Eit trygt læringsmiljø gir alle elevar gode føresetnader for læring.
- Arbeidet støttar også mål 10, mindre ulikskap, ved å fremje inkludering, fellesskap og like moglegheiter for alle elevar.
- Mål 17, samarbeid for å nå måla, er viktig fordi eit rusfritt skulemiljø føreset godt samarbeid mellom skulen, elevane, føresette og andre relevante aktørar.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren rår frå å vedta at skulane skal bruke ein fast tredjepart i det rusførebyggjande arbeidet, i tillegg til helsesjukepleiar og politi. Vurderinga byggjer mellom anna på innspel frå skulane og den økonomiske situasjonen i fylkeskommunen.

Den enkelte lærar har ansvar for det rusførebyggjande arbeidet som ein del av opplæringa i dei tverrfaglege tema i overordna del av læreplanverket (LK20). Leiarane for elevtenestene har inngåande kjennskap til elevane og lokalmiljøet, og har ansvar for å bruke lokalkunnskapen inn i det rusførebyggjande arbeidet ved kvar sin skule.

For å koordinere involveringa av ein tredjepart i det rusførebyggjande arbeidet, tilrår fylkesdirektøren å bruke det etablerte nettverket for leiarar av elevtenestene, framfor å opprette fagnettverket for psykisk helse og rus på nytt.

Nettverket for leiarar av elevtenestene skal leggje til rette for samarbeid, erfaringsdeling og samordning mellom skulane og relevante tenester. Nettverket skal òg bidra til ei meir einsarta forståing og praksis i det rusførebyggjande arbeidet. Denne organiseringa gir skulane tilgang til variert kompetanse og tek omsyn til lokale behov og utfordringar. Organiseringa vil ikkje føre til ekstra økonomiske eller administrative kostnader.

Denne tilnærminga vil styrkje det rusførebyggjande arbeidet utan å binde skulane til ein fast samarbeidspartnar. Tilnærminga vil også tydeleggjere kva tenester som bør vere med, og kor omfattande samarbeidet skal vere. Fylkeskommunen, og ikkje kvar einskild skule, skal ha ansvaret for desse vurderingane. Dette er i tråd med lovverket, som slår fast at fylkeskommunen har det rettslege ansvaret for at samarbeidsplikta blir oppfylt.

Vedlegg:
Ungdataundersøkelsen for Telemark_2024_Videregaende skole
260428-Rapport-Lærlinger-arbeidsliv-og-rus